

**Fra:** Torunn Kojan Boe (Torunn.Boe@muho.no)

**Sendt:** 08.05.2020 15:32:20

**Til:** Eva Moberg; David J Aasen Sandved

**Kopi:** Elisabeth Halvorsen; Rebecca Nedregotten Strand; Lisa Amalie Elle; Siri Jordal; Eirik Helleve; Baroniet Rosendal; Hanne Dale; Helge Pedersen; Ida Areklett Garmann; Heidi Seifaldet; Roald Eliassen; Sølvi Akhoundzadeh; Thomas Walle; Solveig Jordal; Stein A. Hevrøy; Ann Kristin Ramstrøm

**Emne:** Oppdatering frå Bevaringstenestene

**Vedlegg:**

Eva Moberg

David Åsen Sandved

Kopi til medlemmene i Samlingsrådet

Hei!

Her kjem ei lita oppdatering frå Bevaringstenestene i desse koronatidene.

Vi har forsøkt å arbeide mest mogleg som normalt sidan utbrotet av Covid-19. Dei som har arbeid som kan gjerast på heimekontor har vore heime, resten har arbeidd i Salhus, kor vi har god plass og det er enkelt å halde avstand.

I Revita har vi mellom anna tatt i mot ei samling eldre fotografi (daguerreotypiar og ambrotypiar) frå Gamle Bergen, som no vert lagra under optimale forhold i kjølemagasinet. Vi har kontrollert gjenstandar frå Hanseatisk Museum som har vore i karantene i fellesmagasinet. Dette er gjenstandar som ikkje kan varmebehandlast eller frysast som behandling mot skadedyr. Dei har difor vore pakka i silkepapir og tett plast i eit år. Vi har reingjort, tilstandsvurdert, fotografert og pakka om ei tekstilsamling frå Hardanger folkemuseum og gjenstandar frå Lysøen, og skal no i gang med å magasinere ein del faner frå Kraftmuseet.

Vi har gjennomført planlagt arbeidd ute i musea, og med god avstand til andre tilsette har vi mellom anna gjennomført kontroll av innsekstfeller som er plassert ut i musea i etterkant av IPM kurs. Arbeid med ReOrg i tekstilmagasinet på Kraftmuseet, reingjering av tekstiltapetet på Baroniet og IPM kurs for Hardanger folkemuseum som vi skulle gjere i april er utsett til mai og juni.

Bevaringstenestene tek eksterne oppdrag og hadde fleire oppdrag liggande klart før Covid-19 vart ei utfordring, og desse oppdraga er stort sett gjennomført som planlagt.

Store og viktige delar av samlingane til musea er lagra i lokale som langtids bryt ned gjenstandane, på grunn klima og skadedyr. Det er gledeleg å sjå at Musea i Sogn og Fjordane får på plass nytt magasin for sine samlingar, men det hastar for viktige deler av samlingane til musea i Hordaland å bli flytta til magasin som er eigna for langtidslagring av museumsgjenstandar. Vedtaket i fylkestinget i desember var uklart og seier lite om når musea kan forvente at eit nytt fellesmagasin kjem på plass. Et nytt magasin bygd etter prinsipp om lågenergi er ei billig og berekraftig løysning for å ta vare på musea sine verdifulle samlingar for framtida. Det er vanskeleg å sjå for seg at eit slike magasin kan realiserast utan ei aktiv medverking frå Vestland fylkeskommune, og det er viktig å få avklart om Vestland fylke kan vere byggherre og drifte bygget slik tilfellet er for dagens magasin og atelier i Salhus. Her har fylkeskommunen nøkkelkompetanse som ikkje finst hjå Museumssenteret i Hordaland. Vårt ønskje er at det raskt kjem på plass ein framdriftsplan og finansieringsplan for det nye fellesmagasinet, at vi kan søke etter ledig tomt og får starta opp eit forprosjekt som greier ut kostnadene ved å bygge eit nytt magasin. Ved å bygge eit nytt fellesmagasin bygger ein vidare på dei fellesstenestene som allereie er vel etablert. Ein kan sikre trygg bevaring av de viktigaste samlingane til alle musea i Hordaland på ein stad og nytte godt av stordriftfordelar som kjem alle til gode.

Det er store behov for konservatorkompetanse hjå musea i heile nye Vestland fylke, og MuHo har difor søkt både Vestland fylke og Kulturdepartementet om ei auke i driftsmidlane for å kunne tilsette fleire konservatorar som kan arbeide for alle musea i det nye fylket.

Her er alle friske og raske og vi gler oss til vi igjen kan ha fysiske møte og sjå kvarande. Neste møte i Samlingsrådet er 11. juni, og det hadde vore fint om vi kunne fått ei oppdatering om planane for nytt magasin til det møtet.

Med ønskje om ei fin helg til alle!

Med vennlig helsing

**Torunn Kojan Bøe**

Avdelingsleiar



# Bevaringstenestene

MUSEUMSSENTERET i Hordaland  
Salhusvegen 201, N-5107 Salhus

+47 909 20 987

[www.muho.no](http://www.muho.no)